



Skjåk kommune
Plan, samfunn og miljø

Lars Aaboen

2690 SKJÅK

Delegert vedtak

Vår ref
2013/23/30/K12

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Tor Taraldsrud
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Dato
25.02.2013

Saka gjeld: Søknad om snøscooter til frakt av ved og proviant til Lortjønnen - Lars Aaboen

Saksopplysning:

Søknaden:

Søker med dette om løyve til å bruke snøskuter til transport av ved og proviant til min fiskebu ved Lortjønn. Det vil bli nytta nokon som har godkjent transportløyve. Transporten blir utført i løpet av april.

Håper på positiv handsaming.

Med helsing
Lars Aaboen

Vurdering:

Køyringa vil foregå i LNF-område og i Ottadalen landskapsvernområde (LVO). Køyreruta går frå Aursjoen mot Sveinbu.

Verneforskrifta for Ottadalen LVO opnar for at forvaltningsmynde kan gje løyve til transport av ved og proviant:

Verneforskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 5.3:

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

b) Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter

Leigekøyrar med dispensasjon til ervervskøyring godkjent av kommunen kan nyttast til køyringa. Slik dispensasjon blir gjeve med heimel i nasjonal forskrift om bruk av motorkøyrerøy i utmark og på islagte vassdrag § 5a). I område med gode moglegheiter for leigekøyring skal leigekøyrar nyttast.

I følgje § 7 i Naturmangfaldslova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

Postadresse
2690 Skjåk
E-post: post@skjaak.kommune.no

Heimeside
www.skjaak.kommune.no

Telefon
61217000
Telefaks
61217001

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: På bakgrunn av kunnskapsinnsamling i samband med verneplanprosessen for Reinheimen er kunnskapsgrunnlaget for området godt. Køy reruta er godkjend i forvaltningsplanen. Ut frå denne kunnskapen er det ikkje sannsynleg at løyvet vil påverke naturmangfaldet i området.

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er godt. Det er ikkje sannsynleg at løyvet vil medføre risiko for irreversibel skade på naturmangfaldet.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Den delen av transportruta som går over tregrensa går igjennom eit viktig helårs beiteområde for villreinbestanden i Ottadalen nord villreinområde. Motorferdsel her må derfor haldast på eit minimum. Samla belastning i området blir ikkje vurdert som skadeleg for økosystemet.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Bruk av snøscooter til dette transportføremålet blir vurdert til å vera tenleg og miljømessig forsvarleg.

Vedtak:

Skjåk kommune vedtek å gje Lars Aaboen løyve til å frakte ved og proviant inn til fiskebua si ved Lortjønn.

Løyve blir gjeve med heimel i:

Forskrift for Ottadalen LVO § 3 pkt. 5.3. b)

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

1. Det blir gjeve løyve til inntil 1 tur, rute: Ausjoen – Lortjønn.
2. Transporten skal mest mogleg følgje same køyrespor tur-retur.
3. Køytinga skal gjennomførast innan 20. april 2013. Transporten bør ikkje skje i påska og helst ikkje i helg.
4. Det skal brukast leigekøyrrar som har heimel til å drive leigekøyting i Skjåk kommune.
5. Motorferdsla skal meldast seinast dagen før til SNO (Per Olav Haugen tlf. 97057213), som vil gje melding om det må takast særlege omsyn i områda.
6. Det skal førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni 2013.
7. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyterute skal ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i ein avstand på minimum 500 m på le side.
8. Køytinga skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.

*Vedtaket kan klagast til Direktoratet for naturforvaltning. Klaga skal sendast skriftleg til **Skjåk kommune**.*

Gje opplysning om vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringane du ynskjer, og dei grunnane du vil leggje til grunn for klaga.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Klaga må vera postlagt innan fristens utløp. Dersom du klagar så seint at det kan vere tvil om du har klaga i rett tid, må du og opplyse når denne meldinga kom fram.

Med helsing



Tor Taraldsrud

Miljøvernkonsulent

Kopi til:

DN
FM Oppland
KUR
Lesja kommune
Lom kommune
Norddal kommune

Rauma kommune
Vågå kommune
SNO-Skjåk
SNO-Åndalsnes
Skjåk Almenning